


VELKOMMEN TIL GARDSTUNET BARNEHAGE



Vår visjon

«EIN GOD STAD Å VÆRE – LEIKE OG LÆRE»



midt i blinken

Innleiing

Velkommen hit til oss i Gardstunet barnehagen, vi ser fram til å bli kjent med de som foreldre og med barnet dykk.

Det er mykje spaning knytt til det å skulle starte i barnehagen, både for liten og stor. Vi håpar å svare på mange av dei spørsmåla gjennom dette velkomsthefte. Her vil de finne ein presentasjon om barnehagen vår, vår visjon, barnehagens pedagogiske grunnsyn, samt praktisk informasjon og korleis vi jobbar opp i mot dei ulike styringsdokumenta barnehagen er lovpålagt å føl.

Er det andre ting de treng å få svar på kan de nå oss både på telefon og mail.

Kontaktinformasjon leiing

Einingsleiar	Lise Grønningseter
Telefon	Mobil: 907 20 911 Kontor Gardstunet: 909 86 019
Mail	lise.gronningseter@vestnes.kommune.no

Kontaktinformasjon Blåmann (småbarnsavdeling)

Pedagogisk leiar	Marianne Skjegstad
Telefon avdeling	902 58 351
Mail	marianne.skjegstad@vestnes.kommune.no

Kontaktinformasjon Litago (storbarnsavdeling)

Pedagogisk leiar	Hege Lid
Telefon avdeling	901 96 542
Mail	hege.lid@vestnes.kommune.no

INNHALD

1. OM GARDSTUNET BARNEHAGE	s. 3
2. PRAKTISK INFORMASJON	s. 4
2.1 Appen «Min barnehage»	s. 4
2.2 Tilvenning – den første tida i barnehagen	s. 4
2.3 Kva treng barna i barnehagen	s. 5
2.4 Utetid	s. 6
2.5 Måltid i barnehagen	s. 7
2.6 Dagsrytme	s. 8
2.7 Eigne leiker	s. 8
2.8 Sjukdom	s. 8
2.9 Medisinering og ansvar	s. 9
2.1.0 Barnehagen sine forventningar til foreldra	s. 9
2.1.1 Opphaldstid	s. 9
2.1.2 Hente – og bringesituasjon	s. 10
2.1.3 Feriar og høgtider	s. 10
3. STYRINGSOKUMENT	s. 10
3.1 Barnehagen sitt pedagogiske grunnsyn	s. 11
4. SAMARBEID	s. 11
4.1 Foreldresamtalar	s. 11
4.2 Foreldremøte	s. 12
4.3 Foreldrerådet	s. 12
4.4 Samarbeidsutvalet	s. 12
4.5 Andre samarbeidsorgan	s. 12

OM GARDSTUNET BARNEHAGE

Gardstunet barnehage opna i 1994 og var ein privat barnehage fram til kommunen tok over drifta i 2007. Barnehagen vår ligg i naturskjønne omgjevnadar på Vik gard i Tomrefjord, med skog og fjøre tett på. Gardstunet barnehage er ein to avdelings barnehage med ei avdeling for dei yngste på 0-3 år og ei avdeling for dei eldste frå 3-6 år. Barnehagen er ein gardsbarnehage kor vi har minifjøs med høner og kaninar. På våren pleier vi å klekkje fram våre eigne kyllingar ved hjelpe av ei rugemaskin, noko som alltid er like stas. Gardsdrift er ein viktig del av kvardagen vår og barna tek del i både stell av dyra og dyrking av eigen mat, det kan de lese meir om lengre ned i heftet. Gjennom arbeid med både dyr og planter lære barna korleis dei skal behandle både seg sjølv, andre og naturen med omsorg og respekt. Samtidig stilles det mange filosofiske spørsmål kring både liv og død.

Nærmiljøet til barnehagen er mykje i bruk, vi har utruleg mange flotte fasilitetar å nytte oss av. Like ved barnehagen har vi Vikfjora med tilknytning til ein eigen gapahuk, samt ein naturleikeplass som foreldregruppa har bygd på dugnad. Det er ofte ein flott base på turdagar. Vi er også så privilegerte at vi kan nytte oss av idrettshallen ved Tomrefjord skule ein gong i veka, i tillegg til at vi tilbyr førskulebarna vasstilvenning i basseng. De vil få meir utfyllande informasjon om dette når barna skal i gang med det siste året i barnehagen og skal delta på førskulegruppe.

Elles har vi den tidlegare snikkarboda, som no har blitt omgjort til ein base som vi nytta oss godt av i utetida. Det har også blitt bygd ein platting til lavvoen like utanfor barnehagegjerdet med fyringsmoglegheiter, det er ein herleg plass å varme seg på når haust- og vintervêret melde seg. Låveloftet har variabel bruk, alt frå snikkarbod, formingsrom, og leikerom. Men, når desember bankar på døra blir det forvandla til ein magisk julelåve.

I samarbeid med biblioteket i kommunen har vi laga vårt eige barnehagebibliotek der alle barna kan få moglegheita til å låne med seg bøker heim. I ein travel kvardag med mykje aktivitet kan det å krype saman i sofakroken være avslappande og godt. Barna vil gjerne at du skal lese for dei. Når vi les for barna, øva dei opp språket og aukar kunnskapen. Barna likar rutinar. Dersom du les for barna på sengekanten før dei skal sove vil dei fort etterspør lesinga dersom du hoppar over det. Vi håpar de som foreldre kan skape gode vanar heime og vi oppfordrar alle til å være flinke å låne bøker. Bøkene vil bli utskifta med jamne mellomrom ved ei markering med besøk frå biblioteket med lesestund og bokbad. Vi varierer bøker etter årstid, emne og barnas interesse.



2.0 PRAKTISK INFORMASJON

I dette kapittelet vil de finne litt meir om praktisk informasjon om barnehagekvardagen.

2.1 Appen «min barnehage»

Dette er barnehagen si digitale kommunikasjonsplattform med foreldre/føresette.



I appen kan du enkelt;

- Motta og sende meldingar direkte med barnehagen
- Registrere fråvær frå barnehagen (fri/sjuk/ferie)
- Motta dagbok frå barnehagen om store og små hendingar i form av tekst og bilete
- Få beskjedar (felles for heile barnehagen og for den aktuelle avdelinga) – mellom anna vekeplanar vert sendt ut i appen
- Gje eller avslå samtykke

Appen kan du enkelt laste ned i app-store eller google play. Etter nedlasting loggar du deg inn med ID-porten ved første gongs bruk, vel Vestnes Kommune i oversikta. Ytterlegare informasjon og brukarstøtte kan du finne på visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/

2.2 Tilvenning – den første tida i barnehagen

Det å begynne i barnehage kan være ein stor overgang for mange barn. Vi i Gardstunet barnehage ønskjer å gjere overgangen så god som mogleg.

Det kan ta lang tid for eitt barn å bli godt kjend i barnehagen, og det er veldig individuelt kor lang tid det tek. For nokon kan det gå veldig fort, medan andre treng lengre tid. Dei to til tre første dagane bør de som foreldre være til stades. Det er viktig at dei første dagane i barnehagen er korte. Det er mange nye inntrykk for eit barn og derfor ønskjer vi at tilvenninga i barnehagen skjer gradvis. Den første tida er av stor betydning for det vidare opphaldet. Ei lang og roleg tilvenning saman med ein av foreldra eller ein anna omsorgsperson som barnet kjenner godt er viktig.

Betingelsane for dei første dagane er:

- Barnet skal ha korte dagar den første tida

- Barnet skal føle seg trygg når du går
- Du skal være lett å nå, dersom du tek turen ut under tilvenninga
- Dykk skal være trygge på at vi tek kontakt, dersom vi ser at barnet føler seg usikker

Vi ønskje å oppfordre de som foreldre å ha ei open og positiv haldning, samt oppmuntre barna til å delta og ta kontakt. Dette føre til at barnet raskare blir trygg på dei andre barna på avdeling, samt på dei vaksne.

Når vi ser at barnet begynner å føle seg trygg, kan du som forelder trekke deg litt meir ut av avdelinga. Dette avtalar du med barnets kontaktperson / primærkontakt undervegs.

Når du går ut av avdeling og kjem tilbake er det viktig at du *informera barnet*.

Hugs også å informere personalet, slik at vi kan halde eit ekstra godt auge med barnet og hjelpe han / ho i å finne seg til rette.

Målet med oppstartsperioda er

- Barna skal bli betre kjend med og trygg i barnehagen
- Personalet skal bli kjend med både barn og foreldre
- Foreldra skal blir godt kjend med personalet i barnehagen

Det er mykje inntrykk for eit lite barn å ta innover seg den første tida i barnehagen, vær obs på at dagane ikkje vert for lange, at dei blir for lei og slitne. Eit tips er å gå medan det fortsett er kjekt, slik at barnet kan sjå fram til neste dag.

2.3 Kva treng barna i barnehagen

- Innesko
- Ekstra skifteklede, frå topp til tå
(det er ekstra viktig å sørge for at dei har nok skift i våte periodar)
- Tursekk (sekken må være tilpassa barnet og ha stropp over brystet)
- Varme klede i form av både ull og fleece
Vi praktisera ofte lag på lag prinsippet her på Vestlandet, då det på kort tid kan variere kva klede dei har bruk for. Då er det lettare for oss å regulere
- Sko etter årstid. Det må alltid være eit par støvlar tilgjengeleg i barnehagen
- Parkdress etter sesong og regnkledde
- Matpakke og drikkeflaske
(sjå meir info under delkapittelet om måltid i barnehagen)
- Vogn, vognpose, teppe, myggnetting og vognsele for dei barna som søv

- Solbriller og solhatt på sommertid (barnehagen står for innkjøp av solkrem mot eit gebyr på 50,- per barnehageår)

Merking av kle, sko, matboksar og anna utstyr er nødvendig. Det gjer det lettare for både de som foreldre, personalet og barnet sjølv å halde styr og orden på eigne ting. Ta ikkje med klede og utstyr som de er redde for skal bli øydelagt.

Når det gjeld merking av kle er det mogleg å kjøpe eigne merkelappar og det finnes mange gode merketusjar å få kjøpt.

For at barnet skal trivast, ha det kjekt, oppleve glede og meistring i det å få være ute, må dei halde seg både tørr og varm. Det er derfor svært viktig at dei har hensiktsmessige klede til ei kvar tid. Men vi minner om at dyrast nødvendigvis ikkje er best. Spør gjerne personalet om det er noko de er usikker på.

Vi ønskje ikkje klede med fast hette og snor i barnehagen på grunn av kvelningsfare og sikkerheitsmessige årsaka.

2.4 Utetid

For oss i Gardstunet barnehage er det viktig å presisere at vi er ein gardsbarnehage med ekstra fokus på natur og friluft. I barnehagen vår brukar vi naturen aktivt, heile året – frå sommar til vinter. Det er eit kompetent personale, med mange års erfaringar. Vi brukar naturen som stimuli og som ein arena for leik, læring og utviklingsmoglegheiter. Her får barna lære om kva mangfald naturen har å by på, frå livet i minifjøsen, til dyrking i drivhus, kjøkkenhage, til jakt og fiske. Vi tar for oss tema som hausting frå naturen, korleis lage mat frå naturens ressursar, planting, miljøforvaltning og mykje meir.

Vi føreheld oss til dei styringsdokumenta og forskriftene vi er lovpålagd å følgje, men flytter mykje av læringa ut.


Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver vise også til at det er viktig at barnehagen gir barna gode erfaringar med natur og friluftsliv til ei kvar årstid, kor barna utvikla glede ved å bruke naturen til å utforsking, motoriske utfordringar og at dei får ei forståing til korleis ein oppheld seg og tek vare på naturen.

Våre erfaringa er at naturen og barnehagens nærmiljø er ein stimulerande arena for meistring, samt ein plass som byr på det meste av grunnleggjande motorisk trening. Barna lære å ta seg godt fram i ulendt terreng, balansere, hoppe frå stein til tue og klatre i tre.

Ute oppleve dei også stadig nye ting, møte nye «rom» og ingen dag er lik. Vi oppleve også ei langt rolegare barnegruppe, ein arena som byr opp til sosialt samspel og språkleg utvikling.

Vi føle vi kan lene oss til mottoet «Livet er best ute»!

Når det gjeld barn og kulde følge vi retningslinjene frå Vestnes kommune. Den tek utgangspunkt i effektive kuldegrader og er meint som ein rettleiar. Personalet avgjer fortløpande gjennom heile dagen kva som er forsvarleg og ikkje.




2.5 Måltid i barnehagen

Måltida i barnehagen er ein viktig del av kvardagen vår. Til frukost og lunsj skal barna ha med seg eiga matpakke heiman i frå, og her vil vi gjerne påpeike at «det enkle er ofte det beste». Grovskiver, med sunt pålegg og kanskje litt grønsaker i form av paprika og agurk. Til ettermiddagsmåltid serverer vi knekkebrød, frukt og grønt i barnehagen.

Ein dag i veka har vi varmlunsj i barnehagen, i samsvar med helsedirektoratets anbefalingar, har vi vår eigen kosthaldsplan, som sørgje for at vi er innom alle anbefalingane i kosthaldshjulet.

Du kan lese meir frå barnehagen sin kosthaldsplan på heimesida

[kosthaldsplan-gardstunet-barnehage-002.pdf \(vestnes.kommune.no\)](https://www.vestnes.kommune.no/kosthaldsplan-gardstunet-barnehage-002.pdf)



2.6 Dagsrytme

I barnehagen bygg vi opp dagane våre etter ei viss rytme, for å skape stabilitet og forutsigbarheit for barna. Vi legg med eit døme om korleis dagane primært vil sjå ut, men med forbehold om at ting kan endre seg i løpet av eitt år.

Tid	Blåmann	Tid	Litago
06.45	Barnehagen opnar Frileik	06.45	Barnehagen opnar Frileik
08.00	Frukost Tannpuss	08.00	Frukost Tannpuss
09.15	Gruppedeling / Aktivitetar / Leik Fjøsstell / Turar i nærmiljøet	08.15	Frileik
11.00	LUNSJ	09.15	Tur / Gruppedeling / Aktivitetar / Leik / Fjøsstell
11.30	Soving / Kviletid Inne- og uteleik	11.00	LUNSJ
14.15	Fruktmåltid Frileik ute / inne	11.30	Samling / Kvilestund
16.30	Barnehagen stengjer	12.00	Inne- og uteleik
		14.00	Fruktmåltid
		15.00	Frileik inne / ute
		16.30	Barnehagen stengjer

2.7 Eigne leiker

Som hovudregel ønskje vi ikkje at barna tek med egne leiker i barnehagen, dette er ofte årsak til at det oppstår konflikter i barnegruppa. Det er greitt at barna tek med seg kosebamse / koseklut som dei kan bruke ved soving / kviling.

2.8 Sjukdom

Sjuka barn skal naturleg nok ikkje være i barnehagen. Barn som er i barnehagen, skal være frisk nok til å være ute og delta i barnehagens aktivitetar. Det er barnets allmenntilstand som avgjer om barnet kan gå i barnehagen eller bør være heime.

Aktivitetsnivået i barnehagen er høgt!

Vi oppleve at dersom barna får ein ekstra dag heime, er sjansen for tilbakefall mindre, og faren for å smitte andre barn og personale blir redusert.

Barna skal ha minst ein feberfri dag heime før dei kjem tilbake i barnehagen. Ved oppkast og diare føl vi 48 timars reglane, altså – barnet skal ikkje kome i barnehagen før det har gått 48 timar etter at det er symptomfri.

Gi beskjed til avdeling om morgon innan klokka 09.15 dersom barnet er sjuk. Om barnet blir sjukt i barnehagen, vil personalet ringe til foreldra og barnet må hentast snarast.

2.9 Medisinering og ansvar

Foreldra har ansvar for medisinering av sine barn. Dersom legemidlar må inntas den tida barnet er i barnehagen, skal det inngåast ein skriftleg avtale på fastsett skjema mellom foreldre og barnehagen om korleis dette skal gjerast. Personalet skal ikkje på eigahand foreta medisinering med handkjøpspreparat som for eksempel smertestillande eller febernedsettande.

Medisin skal leverast til personalet i barnehagen for oppbevaring i låst skap og ikkje bli liggande i barna sin sekk eller på plassen til barna.

2.1.0 Barnehagen sine forventningar til foreldra

Vi forventar at de som foreldre

- Tek initiativ til å ta kontakt med personalet og at de tek opp ting de oppleve som vanskeleg eller negativ, slik at vi lett kan finne ei løysing i fellesskap
- Tek imot, les og føl opp den informasjonen som blir gitt i form av vekeplanar, ulike skriv, mailar og liknande. Spør om de lure på noko
- Gir beskjed om fråvære innan kl 09.15
- Merka klede, sko og andre egedelar
- Sjekkar over garderobeplassane dagleg. Ta med skriv, ting barna har laga, skitne og våte kle heim. Etterfyll med nok skift og tørre klede dagen etter
- Vise engasjement i høve barnehagens innhald. Kom gjerne med egne tankar og innspel
- Deltek på arrangement så langt det let seg gjere. Dette for at barna ikkje skal gå glipp av fellesopplevingar som vert snakka om i barnehagen før og etter arrangementet
- Vis respekt for barnehagen sine reglar ved sjukdom av omsyn til personale, egne og andre sine barn
- Vis respekt for at egne leiker ikkje er tillat i barnehagen. Dette kan være ei kjelde til at uønska konflikte oppstår

2.1.1 Opphaldstid

Barna kan ikkje opphalde seg i barnehagen i meir enn 9 timar per dag, sjølv om barnehagen har lengre opningstid. Du kan med andre ord ikkje levere barnet ditt klokka 06.45 og hente 16.30. Dersom barnet vert henta for seint, det vil seie etter stenetid vil de bli pålagt ei bot på 200,-. De må berekne tid til påkledning, personalet skal kunne låse dørene klokka 16.30.

2.1.2 Hente- og bringesituasjonen


LUKK ALLTID PORTEN ETTER DEG! Barn kan lett smette ut. Parkeringsplassen er uoversiktlig om morgonen og ettermiddagen når mange levera og henta samtidig. I den mørke årstida er det vanskeleg å sjå barna bak ryggande bilar. Barna skal alltid gå i følgje med foreldra ut av porten og ikkje gå i førevegen for å vente ved eller i bilen.

Minner også om at bilen ikkje har lov å stå å gå på tomgang på parkeringsplassen.

Hentesituasjon er dagens viktigste møte, vennligst legg igjen mobiltelefon i bilen. Det er viktig med tilstedeværelse ved henting og levering. Vis interesse for kva barnet har opplevd i løpet av dagen. Minner også om at barnehagens område skal haldast fritt for både røyk og snus.

2.1.3 Feriar og høgtider

Vi markera dei kristne høgtidene jul og påske. Det er lagt opp til ein barnehagegudsteneste i kyrkja før jul. De kan om de vil reservere dykk og barnehagen kan lage til eit alternativ opplegg til barnet. Vi kan og markere andre religionar og høgtide etter barn og føresette sine ønskjer.



3. STYRINGSDOKUMENT

Barnehagen har følgjande styringsdokument

- Barnehagelova
[Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
[Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)
- Kommunens overordna satsingsområde
[Planar og utviklingsarbeid - Vestnes kommune](#)

- Barnehagens årsplan (den vert levert i form av kalender)

3.1 Barnehagen sitt pedagogiske grunnsyn

Barndommen er ei fase med eigenverdi, og vi vaksne må være lydhøyre for barna sine ønskjer og behov. Gardstunet barnehage skal være ein god plass å opphalde seg for store og små.

Vi sett den «gode barndom» i fokus der leik og vennskap står sentralt. Leiken skal ha ein framtrekande plass i barns liv i barnehagen. Gjennom leik og samhandling utviklar barn evne til å omgå andre og utvikle sin identitet og læringskurve. Gjennom leik skaffar barna seg erfaring med blant anna viktige reglar knytt til kommunikasjon og konsentrasjon, samt «reglar» for samhandling med andre. Anerkjennande og støttande relasjonar er eit grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. Leik er eit viktig verkemiddel knytt opp mot det å danne vennskap og barn brukar gjerne leik for å bearbeide inntrykk. Leik er derfor ein viktig del av barnehagekvardagen og vert vektlagt i relasjon mellom både barn / barn og barn / vaksen.

Vi er opptatt av at barn kan! Vi legg til rette for at barna skal få oppleve meistring gjennom dagen. Utfordringar, oppgåver og opplevingar skal være tilpassa kvart enkelt individ, slik at det møte kvart enkelt barn på deira alders- og modningsnivå. Gjennom ros og oppmuntring vil vi være med på å gje kvart enkelt barn eit positivt sjølvbilete. Dei skal få kjenne på at akkurat dei er viktige og at dei betyr noko for andre.

Alle menneske er i ein evig danningsspross. Danning handlar om at menneske dannar eit aktivt og bevisst forhold til samfunnet vi lev i. Barn må få lære å stille kritiske spørsmål og utvikle ei evne til å reflektere og å sjå ting i ein større kontekst. Danning handlar om å ta eigne val, sjølvstendig tenking, toleranse, globalisering, demokrati og ikkje minst barns medverknad. Vi er opptekne av at alle skal få moglegheita til å verte den beste utgåva av seg sjølv.

4. SAMARBEID

Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder, gode utviklings- og aktivitetmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim (barnehagelova § 1).

De som foreldre er våre viktigaste samarbeidspartnarar. Vi ønskjer eit nært og opent samarbeid med foreldra, slik at vi sikrar at barna blir best mogleg ivaretatt. Det skal være lav terskel for å ta kontakt, og vi ønskjer at personalet får mest mogleg informasjon om barnet ditt. Vi vektlegg å være open og synes det er viktig med gjensidig informasjon.

Handvingingar som gjeld enkeltbarn gjer vi alltid i samarbeid med foreldra til dei barna det gjeld.

4.1 Foreldresamtalar

Alle får ein skriftleg invitasjon til foreldresamtalar to gongar i året, både haust og vår. Samtalen på hausten er obligatorisk, medan den på våren er frivillig. Ved ønskje eller behov utanom kan de sjølvstilt avtale med pedagogisk leiar for avdelinga barnet går på. Det er i hovudsak pedagogisk leiar som gjennomfører samtalen.

4.2 Foreldremøte

De får invitasjon til foreldremøte / foreldrerådsmøte ein til to gongar i året. Vi held det første foreldremøtet i august / september. Der har vi også eit eige møte for dei barna som skal starte på skulen neste haust.

4.3 Foreldrerådet

Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen.

4.4 Samarbeidsutvalget

Samarbeidsutvalet er eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og barnehagens eigar, som er Vestnes kommune. Samarbeidsutvalet behandlar saker som vedrøre barnehagen alminnelege drift. Samarbeidsutvalet skal og fastsette ein årsplan for barnehagen og ta opp saker som er viktig for barnehagen, foreldre og barn.

4.5 Andre samarbeidsorgan

Barnehagen har også andre samarbeidspartarar som

- Skule og helsestasjon
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Barnevernet
- Barne- og ungdomspsykiatrisk (BUP)
- Kommunen sitt tverrfaglege barneteam



VI SER FRAM TIL Å BLI BETRE KJEND MED DYKK!